



Hjelmås VVS AS  
Leknesvegen 183  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3960 - 16/139

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
06.01.2016

## Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon gbnr 238/13 Eknes indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.11.15.

Grunna bemanningstilhøve ved avdelinga i haust har saka dykkar blitt liggjande lenge utan vurdering. Vi seier oss leie for sein attendemelding.

### Planstatus

Eigedommen er uregulert i det som i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 er sett av til spredt bustadbygging. Eigedomen ligg langs FV 395.

Det er i kommuneplanen sin arealdel § 1.6 skildra byggegrense mot fylkesvegane i kommunen. Byggegrensa er 15 meter frå vegmidte.

### Teikningar

Innsendt situasjonsplan syner ikkje eksakt plassering av minireinseanlegg, kommunen har ikkje dokumentasjon på plassering av eksisterande anlegg.

Utifrå situasjonsplan forstår vi omtrentleg plassering av anlegget til å i heilskap ligge nærare vegmidte til FV 395 enn 15 meter. Slik plassering krev dispensasjon frå § 1.6 i kommuneplanen sin arealdel.

Det er i søknad skildra utslepp frå anlegg til bekk med heilårsvassig. Innsendt situasjonsplan syner ikkje ekstakt plassering av anlegg og heller ikkje rør/leidning frå anlegg til bekk med heilårsvassig.

For at vi skal kunne ta stilling til søknaden må det sendast inn oppdatert situasjonsplan som syner eksakt plassering av anlegget med tilhøyrande leidningsnett. Går utsleppsleidning under FV 395?

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Vi forholder oss til grenser som er synt i vårt kartsystem, nøyaktighet på grenser synt på innsendt situasjonsplan er +- 10 meter. Plassering som synt på innsendt situasjonsplan krev rett til å legge, drifte og vedlikeholde sanitæranlegg med tilhørende leidningsnett i grunnen på eigedom gbnr. 238/16.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Målsett situasjonsplan som syner minsteavstand til vegmidte og eigedomsgrenser samt plassering av leidningsnett. Skildring av eksisterande og nytt med omsyn til ledningstrase og plassering av minireinseanlegg.
2. Tilbakemelding på om utsleppsledning krysser FV 395.
3. Naudsynte private avtaler med omsyn til å etablere, leggje, drifte og vedlikehalde sanitæranlegg med tilhørende leidningsnett.
4. Søknad om dispensasjon frå § 1.6 i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 22.02.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Rolf Femanger

Eidavegen 238

5993

OSTEREIDET

### **Mottakarar:**

Hjelmås VVS AS

Leknesvegen 183

5915

HJELMÅS